



Ck Nor Bygg AS  
Postboks 8  
2909 AURDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2220 - 17/27820

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
02.10.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 108/597 Lindås

Tiltak: Dispensasjon og løyve til etablering av einebustad  
Byggjestad: Gbnr: 108/597  
Tiltakshavar: Espen Hodnekvam  
Ansvarleg søkjar: Ck Nor Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.07.2017. Saka har blitt liggjande lengje hjå oss utan at sakshandsamar har gått gjennom saka, vi seier oss leie for dette.

### Planstatus

Eiedomen er uregulert og er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) avsett til bustadføre mål. Det er søkt om dispensasjon frå plankravet gjeve i § 1.1 i KPA.

### Vegtilkomst

Vi viser til gjennomført førehandskonferanse datert 27.01.16, der det vart opplyst at Opplysningsvesnets fond er heimelshavar av gbnr. 108/494 og at det var dialog om at heimel til gbnr. 108/494 skulle overdras til Lindås kommune som drifta og vedlikehaldt vegen.

Heimelen er ikkje overdradd kommunen og status på vegen er endra frå offentleg veg til privat veg. Det vil sei at næraste offentlege veg er Fv 415. Avkøyrsløyve gjeve i sak 15/1408 datert 10.04.15 er ikkje lenger gyldig.

Det må søkjast Statens vegvesen om avkøyrsløyve for eigedom gbnr. 108/597. Vi sender over saka til Statens Vegvesen for handsaming etter særlov. Statens vegvesen vel truleg å komme med ei førehandsuttale då tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

Vi gjer merksam på at før det ligg føre vedtak om avkøyrsløyve etter veglova så kan kommunen berre gje rammeløyve. Vi ber om skriftleg attendemelding på om de ønskjer at søknaden delast opp, eller evt. om vi skal avvente handsaming av søknaden fram til det ligg føre avkøyrsløyve. Lindås kommune kan ikkje fatte vedtak i saka før det ligg føre førehandsuttale frå Statens vegvesen evt. vedtak etter veglova.



Vi gjer merksam på at sidan vegen no har status som privat veg så krev tiltaket ikkje dispensasjon frå avstandskrav gjeve i veglova § 29.

### **Privatrettsleg**

Det ligg ikkje føre fullmakt/privatrettsleg avtale frå registrert heimelshavar av gbnr. 108/597 til oppgjeve tiltakshavar med omsyn til etablering av einebustad på eigedomen.

Det ligg ikkje fullmakt til ansvarleg søkjar til å førestå søknad på vegne av tiltakshavar.

Det ligg ikkje føre avtale som gjev eigedom gbnr. 108/597 vegrett samt rett til å etablere vass- og avlaupstrasé over gbnr. 108/494.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Fullmakt/privat avtale som gjev tiltakshavar rett til å bygge på eigedom gbnr. 108/597, tiltakshavar er ikkje registert som heimelshavar.
2. Privat avtale som gjev gbnr. 108/597 vegrett over gbnr. 108/494, samt rett til å etablere vass- og avlaupstrasé over gbnr. 108/494.
3. Fullmakt frå tiltakshavar som gjev ansvarleg søkjar rett til å forestå søknad på eigedom gbnr. 108/597
4. Førehandsuttale/vedtak etter veglova som gjev gbnr. 108/597 avkøyrsløyve til Fv 415.
5. Attendemelding på om de ønskjer å dele opp saka og handsame søknaden som rammeløyve, eller om de vel å avvente vedtak frå Statens vegvesen.

### **Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.11.17.**

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1>/<forvaltningslova § 11a>.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ck Nor Bygg AS  
Espen Hodnekvam  
Espen Hodnekvam

Postboks 8 2909  
Krambuhaugen 32 5955  
Krambuhaugen 32 5955

LINDÅS  
LINDÅS

**Mottakrar:**

Ck Nor Bygg AS

Postboks 8 2909

AURDAL